

Randi Skaug kjem i Aktivitetshuset**08.06.2009**

Det skjer mykje i Uskedalen i tida som kjem. Til dømes kjem eit fyrverkeri av ein foredragshaldar i Aktivitetshuset om ei veke - måndag 15. juni. Det er Randi Skaug, som nyleg har gjeve ut boka Mot toppen.

SPAR er arrangør og dagleg leiar Bente Nilsen seier til uskedalen.no at Skaug-foredraget er eit arrangement for kundene etter at butikken har vunne 'Kundeprisen'.

- Vi vil gje dette gratis til kundane som takk, melder Bente.

- Kva er så spesielt med Randi Skaug?

- Vi har så heldige at vi fekk høyre henne for nokre år sidan. Foredraget hennar handlar om gjennomføring, mestring og teamarbeid og er veldig inspirerande, seier Bente.

Randi har vore på Mount Everest og mange andre fjelltoppar i verda. Boka hennar har vorte ein salssuksess, det andre opplaget vart bestilt etter berre ei veke på marknaden.

25 prosent av inntekta som blir selde gjennom skaug as går til minerydding og til no har det innbragt over 70.000 til minerydding i Afghanistan.

- 'Mot toppen' er ein levande beretning om mestring. Ikkje minst er den ei inspirasjonskjelde for dei som går med draumen om å gjennomføra sitt eige eventyr, anten det er i villmarka eller sivilisasjonen. Her er det mottoet 'alt er mogeleg' som gjeld, seier villmarkserobraren Lars Monsen om boka.

Av Ola Matti Mathisen